



ÅRSMELDING FOR 2022



**JORDBRUKSSKOLENES
VENNER**

ÅRSMELDING FOR JORDBRUKSSKOLENES VENNER 2022

Foreininga Jordbruksskolenes Venner (JV)

Jordbruksskolenes Venner er ei støtteforeining til NMS med eigen samarbeidsavtale som seier korleis samarbeidet skal foregå. JV har direkte kontakt med skulane om prosjekt og tiltak som skal settast i verk.

Dei fire siste åra har JV dekkja om lag halvparten av driftskostnadene for det eittårige kurset på Tombontsoa og Fihaonana, for 2022 med kr. 400.000. NMS har teke den andre halvdelen.

Styret

Styret i Jordbruksskolenes Venner i 2022:

Kolbjørn Lerstøl, leiar

Arne Dragsund, sekretær

Kjell Dale, kasserar

Jonas Skrettingland, styremedlem

Rolf Moi, styremedlem

Styret har hatt 6 møter og handsama 51 saker dette året.

JV si heimeside og Facebook

På heimesida kjem det nytt frå skulane, eller artiklar om land og folk på Madagaskar. Adressa er www.jo-ve.no Arne Dragsund skriv artiklar og legg ved bilete, og Martha Krogedal Myklebust legg det ut på heimesida og sender det til Facebook. På heimesida til NMS kan ein finne ein link til heimesida for JV.

GRØN DIAKONIPROGRAMMET

Det har vore 10 tobyar med i dette arbeidet i 2022, 6 på austkysten med Fihaonana som ansvarleg, og 4 i og rundt Antsirabe med Tombontsoa som ansvarleg. Det har vore stor utskifting av prestar i desse tobyane i koronatida, og arbeidet har ikkje gått like bra alle stader. Ambohimahazo i Antsirabe og Ankaramalaza på aust har halde arbeidet med dyrkinga oppe saman med hyrdane og dei sjuke. Og dei har produsert grønnsaker og andre vekster til mat. På Tombontsoa var 200 prestar i synoden samla i september 2022. Sidan mange av tobyane som er med i programmet, har fått nye prestar som leiarar, var det nødvendig med ei oppdatering av kva Grøn diakoniarbeidet går ut på. Dei to store syklonane som gjekk over austkysten i februar, øydela ganske mykje også i sjukelandsbyane på aust.

Ny giv for 2023 og framover.

Dei to skulane har fått godkjent eit nytt budsjett for arbeidet i Grøn diakoniprojektet,

for 2023. Dette inneber at Tombontsoa skal ha ansvaret for 8 tobyar, medrekna toby Soatanana i Fianarantsoa og toby Farihimena i synoden Avaratrimania. Tombontsoa skal og starte arbeidet i toby Betela i Marovoay. Fihaonana har ansvaret for 7 tobyar komande år. Det skal vere eit todagars seminar i Ambohimahazo i Antsirabe og på Fihaonana i Vohipeno i juli-august 2023, der alle hyrdane frå dei tobyane som er med i arbeidet, skal møtast for å fortelje om arbeidet i sine tobyar, og meiningsutveksling for vidare arbeid blant dei mentalt sjuke. Det skal og vere fagleg undervisning for hyrdane i temaet mental helse.

Stiftinga Grøn Diakoni- Plant et Tre i Norge står for finansieringa av arbeidet som dei to skulane tek del i. Takka vere denne hjelpa, er jordbruksskulane blitt viktige aktørar i behandlinga av dei mentalt sjuke i tobyane. Skulane er med i ei opplæring av mentalt sjuke menneske, som får god og grundig undervisning i dyrking av grønnsaker, frukt og andre vekster, medan dei er til behandling i tobyen. Og dei får med seg nokre frøposar heim til landsbyen når dei er friske igjen og kan reise heim. Så er denne dyrkinga også veldig viktig for tobyane for å skaffe mat til dei sjuke og hyrdane som steller dei. Dei sjuke får auka sjølvkjensle når dei på denne måten kan dyrke noko av den maten dei treng til dagleg.



Hyrdane og dei sjuke har klargjort åkeren for planting i toby Ambohimahazo på Antsirabe
Foto: Arne Dragsund

MORINGAPROSJEKTET

Dette har vore i gong nokre år nå. Andreas Jørgensen er leiar for dette saman med dei to skulane. Det har vore kurs i produksjon av Moringatre, og det er og spreidd småplanter til tobyane i samband med grønn diakoniprogrammet, både på austkysten og i innlandet. Eit interessant forsøk er gjort på Tombontsoa. Elevane hadde eit forsøk med bruk av 2,5 % moringapulver i kraftforet til slaktekyllingar. Dei hadde ei gruppe kyllingar som fekk moringapulver i mjølet, ei anna gruppe ikkje. Kyllingane som fekk moringapulver i foret, var mykje friskare enn dei som ikkje fekk dette i foret. Og dei voks mykje betre. Eit interessant forsøk. Det blir fleire kurs i dyrking av moringatreet på skulane i 2023, og i kursa for hyrdane

og dei sjuke i tobyane. Der blir det og planta mykje moringa som ein del av sortimentet av grønnsaker og matvekster elles.

OKSEPROSJEKTET

Madame Bakoly er ansvarleg for dette arbeidet på Tombontsoa. Det er nå produsert dei reiskapar dei hadde tenkt. Kjell Dale og Rolf Moi var på Tombontsoa i november-desember - 22 for å avslutte okseprosjektet. Dei var og med på istandsetting av ymse utstyr på begge skulane den tida dei var der. Som ei oppsummering av okseprosjektet, kan vi ta med det som Kjell rapporterte om:

- Med dette er det siste av tre års satsing på bygging og utprøving av oksereiskapar gjennomført. Det er produsert nye åk som aukar trekrafta med 20 %, 4 hjuls oksekjerrer som kan auke kapasiteten frå 500 kg til 1000-1500 kg med pedal brems, plogar med plastskjær, horver med fjørrende tindar, såmaskin for mais med utstyr for kunstgjødsel, hyppetstyr for ugras i maisåkrar
- Det står 18.659.829 Ar. igjen på kontoen på Tombontsoa. Dette skal dekke det som nå er bestilt hos Rodin for produksjon av 3 såmaskinar, der 1 skal til Fihaonana, 4 kunstgjødselapparat til maissåmaskin, 3 horver med fjørtindar, 1 horv med ramme for C tindar som skal til Fihaonana
- Alt dette kjem på 17.600.000 Ar. pluss ca. 1 mill. Ar. for innleigd arbeidshjelp som Tombontsoa har igjen på kontoen
- Om det er aktuelt med meir pengar for å avslutte prosjektet, får JV vente på ein søknad frå Tombontsoa om dette
- Kjell sin konklusjon: «Prosjektet må leve sitt eige liv nå» Tombontsoa vil sende ein sluttrapport om den nytten dei fire bøndene og skulen har hatt med bruken av dei nye reiskapane som bøndene og dei to skulane har fått i dette prosjektet.



Transport av maissåmaskin. Såing av tørrlandsris med hestesåmaskin. Foto: Kjell Dale

VARHAUG KRISTELEGE UNGDOMSLAG

Ungdomsforeininga på Varhaug har støtta jordbruksskulane økonomisk i mange år. Mellom anna støtta dei legging av 2,6 km med røyr til nye vassleidningar på Tombontsoa for nokre år sidan. Fleire ungdomar reiste og til Tombontsoa for å vere med på arbeidet saman med gassiske medarbeidarar. Dei ga også ein liten traktor til Fihaonana i samband med 35 års jubileet på skulen i 2018. Det siste året har ungdomslaget bidrege med støtte til opplæringa av agronomelevar på Tombontsoa. Takk til ungdomslaget for stor innsats gjennom mange år!

SAMARBEID MELLOM SKULANE OG ARBEIDSLIV OG SKULAR I ISRAEL

JV sin kontaktperson i Israel, Arnon Shoham, var i slutten av september saman med Arne Dragsund på eit besøk på jordbruksskulane Tombontsoa og Fihaonana med tanke på å få til eit samarbeid mellom aktuelle miljø i Israel og dei to jordbruksskulane.

Tombontsoa

Arnon Shoham hadde ein ferietur til Madagaskar saman med dotter si eit par veker før møtet med Africa Israel Initiative i Antananarivo 24.09.2022. Dei hadde vore innom Tombontsoa og snakka med rektor Lala og hadde hatt ei omvisning på skulen før møtet med rektor måndag 26.9. Det var ei grundig og god samtale med rektor Lala om eit eventuelt samarbeid med skular og næringsliv i Israel. Det skulle vore eit møte med synodepresidenten, men han var ute på reise. Lala hadde fått fullmakt til å inngå samarbeid med institusjonar i Israel om det vart aktuelt. Han hadde og diskutert dette med skulen sitt styre.

Konklusjon på samtalen med rektor

- Arnon Shoham undersøker om det er skular/universitet i Israel som vil inngå eit samarbeid med Tombontsoa for utveksling av studentar/lærarar. Dette er aktuelt for IPSATTA studentar som skal skrive si oppgåve i bachelor- studiet det 3. året.
- Han vil undersøke om det er mogeleg med eit opphald i ein kibbutz i 6 mnd. – 1 år for elevar i FPQ (agronomklassen).
- Rektor inviterte ei gruppe frå Israel til å besøke Tombontsoa, og eventuelt også at ei gruppe frå Tombontsoa besøker Israel.
- Utstyr frå Israel til Tombontsoa for vatning i turketida. Det er snakk om at ein fabrikk for produksjon av vatningsutstyr kunne sende utstyr til Tombontsoa.

Fihaonana

Omvisninga på Fihaonana av rektor Hoby og lærar Noely var nyttig og informativ, der vi brukte ein føremiddag rundt på skulen og gardsbruket. Det var mykje interessant å høyre og sjå i planteproduksjonane og husdyravdelingane. Og andakten i klasserommet om morgonen med elevar og tilsette den 28. september. Hoby vil starte opp med kalkunoppdrett på Fihaonana, som han meiner kan ha stor betydning for inntekta på skulen. Det er stor mangel på kalkunar på markedet på Madagaskar. Han vil gjerne ta ein tur til Israel for å lære meir om dette.

Konklusjon på samtalen med rektor og lærarar

- Det er aktuelt med utveksling av elevar på Fihaonana og skular i Israel. I Israel har dei ikkje skular tilsvarande Tombontsoa og Fihaonana. Men det kan kanskje vere aktuelt med utveksling med elevar på secondary nivå.
- Rektor Hoby vil ta ein tur til Israel for å lære meir om kalkunoppdrett og andre produksjonar, for ein 14 dagars tur. Arnon vil undersøke meir om mulighetene for ein slik tur.

Oppsummering av planar for samarbeidet med skulane på Madagaskar og institusjonar i Israel

1. Arnon Shoham vil svært gjerne vere kontaktperson for vidare samarbeid. Og han kan og arrangere turar frå Israel til skulane. Han vil kontakte folk for ei gruppereise til Madagaskar for at fagfolk der skal få innblikk i kva Madagaskar er, og det arbeid dei to skulane har med opplæring av ungdom.
2. For Tombontsoa kan det vere aktuelt for FPQ elevar (agronomklassen) å arbeide i ein kibbutz. Det er snakk om at det israelske utanriksdepartementet kanskje vil kunne finansiere eit slikt opphald.
3. For begge skulane vil Arnon Shoham undersøke om det er mogeleg med utveksling av lærarar til skular/universitet i Israel. For eksempel for 3 mnd. utveksling. Lærarar frå Israel kunne få innblikk i tropisk landbruk og miljøkunnskap for t.d. eit opphald i Ranomafana og det amerikanske forskingssenteret der.
4. Økonomisk vil eit slikt utvekslingsprogram måtte bli finansiert av for eksempel UD i Israel eller andre. Men og ei sjølvfinansiering slik studentar i IPSATTA har i dag, der nokon reiser til Sør-Afrika eller Mauritsius eller andre stader for spesialisering den siste tida av studiet.
5. For Tombontsoa vil det bli undersøkt om eit firma i Israel, som produserer vatningsutstyr, kan lage eit pilotanlegg for vatning i turketida, på eit areal på 200 dekar jord på Tombontsoa. Arnon Shoham vil ta kontakt med det leiande firmaet i Israel for å høyre om dette er interessant for dei. At dei innstallerer eit moderne anlegg på Tombontsoa for dyrking av for eksempel kveite, havre, grønsaker og andre vekster i turketida. Dette kan vere eit pilotanlegg for dette firmaet, og kan vere ein inngangsport for vidare satsing på Madagaskar. Arnon Shoham vil ta desse tankar med til det aktuelle firmaet. Rektor Lala er svært interessert i å få til eit slikt prosjekt på skulen. Vi diskuterte vasstilgang og andre forhold omkring dette. Arnon Shoham ba om at underteikna tek ein tur til Israel for å fortelje meir om Madagaskar og Tombontsoa spesielt, sidan dette firmaet treng å vite meir konkret kva dei går til om dei vil satse på Madagaskar. Det er greit å ha i tanke Fifamanor si satsing på dyrking av kveite, tritikale, havre og poteter i rismarkene i turketida, sidan 1973. Åkrar av kveite og havre ser vi ennå i rismarkene på Manandonasletta og i rismarkene ut mot Betafo. Og mange fleire stader i Vakinankaratra fylke.



Arnon Shoham frå Israel nr. 2 fra høgre ved sida av rektor Randrianarijao Hobiharisoa.
Frå venstre lærar Noely og Arne Dragsund. Foto: Randriamahaleo Bary

SAMARBEIDET MED SKULANE

Styret i JV, og spesielt leiar og sekretær, har hatt regelmessig kontakt med dei to jordbruksskulane gjennom året. Vi har såleis heile tida vorte orienterte om korleis arbeidet, undervisninga og drifta har gått. Det har ikkje vore reising til Madagaskar sidan desember 2019. Arne Dragsund besøkte skulane i september- oktober 2022, og var ei veke saman med Arnon Shoham frå Israel. Kjell Dale og Rolf Moi var på dugnad på skulane i november- desember 2022, der dei og avslutta Okseprosjektet. Samt at dei saman med mekanikarar på Tombontsoa, hadde ein del vedlikehald på traktorar og utstyr, og var med på produksjon av ny oksekjerre på Fihaonana. Kontakten med skulane og dei oppdrag medlemer i styret har kvart år, har stor betydning for oss i styret. Det er og til god hjelp for skulane at vi reiser til Madagaskar på denne måten. Nå er drifta på begge skulane, både i undervisninga og ikkje minst i gardsbruka, blitt så god etter kvart, at det ikkje lenger er det store behovet for dugnadjelp slik som tidlegare i oppbygginga av gardsbruka.



Rektor Randrianarijao Hobiharisoa og A.D.
Foto: Randriamahaleo Bary



Rektor Rasoloson Lala, Arnon Shoham og A.D
Foto: Randriamahaleo Bary

TOMBONTSOA

10. oktober- 22 hadde rektor og underteikna ein føremiddag saman, og omvisning og gjennomgang av avdelingane i gardsbruket og skuleverksemda. Det var ein oppløftande og

god føremiddag, og ei god samtale med rektor om utfordringar i drifta av skulen. Det var kjekt å oppleve ein rektor som har store vyer for skulen og framtida. Styret i JV er glade og takksame for at vi har fått vore med på ei stor reise for skulen, frå den nedleggingstrua skulen i 2005-06, til ein skule i rivande utvikling i dag, trass i mange utfordringar med tjuveri og vanskar i drifta av dei praktiske avdelingane dei seinare åra. Nå er det eit eksternt firma som held vakt på skulen og dei praktiske avdelingane. Så er vi i eit land med stor fattigdom, som aukar år for år. Og det er ei bølge av tjuveri og utrygghet over heile landet. Mangel på sikkerhet er ein stor hemske for vidare utvikling av Madagaskar, i alle lag av folket. Så har Tombontsoa greidd seg gjennom koronatida og ei tid med vanskar i drifta av spesielt fjøset, på ein veldig god måte. Eg vil berømme ein dyrktig rektor, som saman med sine medarbeidarar, har greidd å stå gjennom vanskar og utfordringar med ei sterk optimisme på skulen sine vegne. Stor takk til rektor Lala for eit godt samarbeid med oss i styret for JV som saman med alle i foreninga vår er glade og stolte over denne skulen på Antsirabe.

Undervisninga

I løpet at 2022 slutførte mange elevar og studentar sine studier på Tombontsoa:

Avischool FPQ (Diplome de Fin de Formation Technique et Professionnelle en Aviculture): 24 jenter og gutar slutta studiet 21. januar 2022.

IPSATTA (Diplome de Licence en Sciences Agronomique): 72 studentar gikk ut 21 mars 2022 med 5 med spesialisering i miljøkunnskap, 25 med spesialisering i husdyrbruk og 42 med spesialisering i jordbruk.

FPQ (Diplome de Fin de Formation Technique og Professionnelle en Agronomie): 88 studentar av begge kjønn slutta den 15. juli 2022.

FPQ (Certificat de vaccinateur villagois des animaux): 80 elevar gjekk ut 15. Juli 2022.

Ei rekke nye klassar tok til i slutten av året 2022:

FPQ (agronomklassen)

Heile 191 søkte om opptak til dette kurset som tok til 18.oktober. Det er teke opp 100 elevar. 60 skal bu på internatet, og 40 eksterne som kjem til skulen og undervisninga, som bur utanfor skulen. Dette er andre året dei har agronomelevar som bur utanfor skulen, slik Lycee agricole- elevane og IPSATTA studentane gjer. Det spesielle med dette året er at det ein stor tilgang av elevar frå sør-vest som vil gå på Tombontsoa. Det var heile 51 kandidatar frå sør til opptaket dette året. Dette skuldast at det er mange ONG og statlege prosjekt som er sett i gang, og skal setjast i gang i sør-vest på Madagaskar på grunn av mangel på mat og tørke i desse områda. Og desse treng agronomar som tilsette. Rektor ga eksempel på at ein organisasjon hadde 8 tilsette. Av desse var 5 frå Tombontsoa. I utlysningsteksten som organisasjonar og staten sender ut, står det « de preference sortant de Tombontsoa». For ei tillitsærklæring for ein skule å få ein slik attest! Læreplanane i agronomkurset er som tidlegare, men dei har hatt ein dialog med staten om innhaldet i tråd med landets utvikling. 90 % av innhaldet er som før. Og læreplanane til Tombontsoa og Fihaonana er blitt ein mal for alle skuler i landbruksfag på Madagaskar i dag. Noko nytt dei har begynt med nå, både i agronomklassen og i dei andre kursa, er noko dei kallar «Controle continu». Det vil seie at

lærarar som har teorifag inne, også skal følgje elevane ute i praksis i dei ymse avdelingane i gardsbruket. I tillegg til praksislærarane. Dette er ein «norsk modell», som det er veldig kjekt å høyre om nå er innført på Tombontsoa. I år er det ei katolsk nonne som har begynt i agronomklassen. Dei har god kontakt med staten om opplæringa. Landbruksministeren har uttalt at dei vil sjå på ei framtidig finansiering av FPQ klassen, sidan det er så stort behov for elevar derifrå til mange statlege prosjekt.

Lycee agricole

Elevane byrja skuleåret 12. september med totalt 82 elevar alle tre årsklassane. Elevane betalar skulepengar og bur eksternt.

Avischool

Dette er ein klasse for spesialisering i hønseavl som det er stor interesse for. Det er stort sett elevar som er ferdige med agronomklassen og ønskjer ei vidareutdanning i hønseavl for å setje i gang med ein slik produksjon. Nokre kjem og frå IPSATTA. Det vart ikkje sagt kor mange det er i dette kurset, men det brukar å vere rundt 30 elevar kvart år.

IPSATTA

Høgskuletilbodet i jordbruk, husdyrbruk og miljøkunnskap har eit jamt høgt studenttal. Det er eit populært studium for arbeid i private organisasjonar, staten eller andre stader. Nokre tek masterstudiet i det katolske universitetet ASTA nær Tombontsoa etter bachelorgraden på Tombontsoa. I dag er det 235 studentar fordelt på 3 årstrinn.

Paraveterinærstudium

11. oktober byrja det 24 studentar i det som er kalla paraveterinærmedisin, eit 2 årig studium.

1. året er det fag som plantekultur, foring og andre fag, mens det på andre året er meir om veterinærmedisin. Dette er det første i sitt slag på Madagaskar, og er tenkt som eit studium for vaksinatørar og rettleiarar, samt som forstudium til veterinærstudiet på universitetet. Rektor Lala er sjølv utdanna dyrlege, så det høver godt med eit slikt studium på skulen. Det er ikkje problem å finne lærarkrefter til dei høgare studiane på Tombontsoa. Skulen har kontrakt med andre universitet om visse fag dei treng hjelp til.



FPQ Avischool elevar som gjekk ut i 2022
Foto: Rasoloson Lala

Nokre av avgangsstudentane i IPSATTA
Foto: Rasoloson Lala

Gardsbruket

Jordbruket og fiskeoppdrettet

Dei har dei siste åra hatt gode avlingar av tørrlandsris på ein del av arealet. Elles er mais hovudkulturen i gardsbruket, for silolegging og for til storfeet i tørketida. Det er og dyrking av gras til dyra. Ein kanal for vatn frå Ambano som renn til Tombontsoa, er omtrent tørka opp. Det var ein viktig kanal for dyrking av ris i rismarker på 70 og 80 talet. Skulen treng å gjere noko med denne kanalen, med ei opprensning og fornying. Fiskeoppdrettet er og avhengig av vatn frå denne kanalen. Det var svært god produksjon i dammen sist regntid.

Fjøset

I koronatida var det veldig vanskeleg med avsetning av mjølka i fjøset. Staten stengde ned samfunnet fleire gonger. Salet av mjølk stoppa nesten heilt opp. Dei produserte og ost som dei og hadde problem med å få selt. Dei hadde så store vanskar at det gjekk ut over drifta i fjøset. Sidan mjølkesalet stoppa opp, vart det ikkje pengar til å kjøpe gjødsel til dyrkinga av mais for silolegging. Prisen på gjødsel auka firedobbel i denne tida. Styret for skulen nedsette ein kommisjon av fagfolk som skulle gå gjennom drifta i fjøset. Dei gjekk til det skrittet å utrangere og selje alle dårlege kyr som ikkje hadde teke kalv i rett tid. Antalet kyr er nå sterkt redusert. Nå tek dei sikte på god kalveføring og godt stell av kvigene for tidleg bedekking og auke av besetningen igjen. Kalvane var fine og fekk godt silofor under besøket i oktober-22. Saltslikkesteinar er på plass i gardane. Tombontsoa har slutta med sal av mjølk i plastposar til butikkar. Med det er ein lang epoke på Tombontsoa slutt. Salet av mjølk i plastposar har vore ei merkevare for Tombontsoa sidan 1967. Skulen har nå inngått ein avtale med Socolait i Antsirabe (tidlegare Nestle) om leveranse av all mjølk. Dei kjem og hentar mjølka kvar morgon til ein mykje betre pris enn dei ville fått med det salet dei hadde før, når transport og andre kostnader er rekna med. Socolait sel både konsummjølk og ost og andre mjølkeprodukt i Antsirabe og andre stader på Madagaskar. Den nye strategien er nå at Tombontsoa skal produsere så mykje mjølk dei kan greie, og dei skal auke besetningen igjen til tidlegare nivå. Fjøset har ein kapasitet på 80 mjølkekyr, så det er god forretning å auke antalet mjølkekyr. Socolait har og avtale med Geno i Norge for utsending av NRF- sæd. Og det kjem Tombontsoa til gode. Dei har brukt okse til bedekking ei tid, men skal igjen begynne med inseminering med sæd frå Norge.

Grisehuset

Produksjonen her går godt. Det er stigande lønsemd i grisehuset. Nå har dei 12 purker i produksjon, men dei kan auke med fleire purker når etterspørselen etter smågris er så stor. Dei produserer rundt 300 smågris i året for sal til bøndene i distriktet. Oppføring til slaktegris er og lønsam med sal av svinekjøt i Antsirabe. Avlsdyra kom frå Fihaonana då dei bygde opp igjen besetningen etter pesten dei hadde for 3-4 år sidan. Fihaonana har ein svært god stamme av Yorkshire.



Storfeet får maissurfor i turketida. Rektor Rasoloson Lala i fjøset. Foto: Arne Dragsund

Hønehuset

Dette er blitt skulen sitt flaggskip med rektor i spissen. Han starta opp produksjonen av verpehøner for nokre år sidan, etter at hønehuset var leigd vekk til firmaet Avitech i mange år. Nå har dei framleis samarbeid med dette firmaet for import av daggamle kyllingar eller egg for ruging på Madagaskar. Hønehuset hadde i oktober-22, 20.000, 20 vekers kyllingar, som vart selde mot slutten av året. Dei får 21.500 ariary for kvar. Grovt rekna blir det 1.075.000 nok brutto. Så skal alle kostnader trekkast frå, men det blir ei god fortjeneste av denne produksjonen med fleire innsett i året. Denne gong importerte dei egg frå Mauritsius for klekking i Tana. Siste gong importerte dei daggamle kyllingar frå Tyrkia.



20 vekers unghøner i eitt av husa klare for sal til bøndene. Rektor Rasoloson Lala t.h. Foto: Randriamahaleo Bary

FIHAONANA

Rektor Hoby og hans medarbeidarar gjer ein stor innsats på skulen. Også her har rektor gått føre med nye tiltak i opplæringa og drift av gardsbruket. Det er heile tida ein plan for korleis dei kan auke produksjonen for å få betre økonomi på skulen og gardsbruket. Begge skulane har ein god plan for å auke eigenandelen av driftsbudsjettet jamt og sikkert framover. Takk også til rektor Hoby for eit nært og godt samarbeid med Jordbruksskolenes Venner gjennom mange år!

Undervisninga

Eittårig kurs

Dei hadde i slutten av året, 59 elevar i det eittårige kurset. Skulen starta i januar -22 med 72 elevar, men 13 av desse var slutta av ymse årsaker. Dei var i oktober i gang med avsluttande eksamenar, og skulle slutte av skuleåret i byrjinga av november. Etter det vil det bli opptak av nye elevar til nytt skuleår. Opptaksprøven vil bli halden fleire stader i landet, både på austkysten og i innlandet. Dei brukar og lokalradio i dei ymse distriktra for å annonsere for tid og stad for opptaksprøve. Dei reknar med å ta opp det same antalet elevar til det nye skuleåret som tek til i januar 2023. Det blir det 40. kullet elevar på Fihaonana, så skulen skal feire 40 års jubileum neste år. Nå har skulen berre elevar som bur på internatet. Komande skuleår vil dei og ta mot eksterne elevar som ikkje skal bu på skulen, men kome til undervisninga kvar skuledag for teori og praksis. Rektor Hoby nemde at Tombontsoa har ei slik ordning og vennskapskulen Øya i Trøndelag, har og eit slikt opplegg. Nå vil dei prøve dette på Fihaonana.

Kortare kurs i ulike produksjonar

På grunn av koronatida med nedstenging av samfunnet fleire gonger, hadde dei ikkje korte kurs for bønder og andre dette året. Men universtitet og høgskular sende heile tida sine studentar til Fihaonana for praksis. Dei får ikkje vitnemål utan at dei har gjennomgått eit praktisk opplegg i gardsbruket. Dette gjeld både private og statlege universitet. Studentar betalar Fihaonana for å vere der i 1-3 månader alt etter kor mykje praksis dei treng.

PEJAA

Dette entreprenørkurset som har gått over 3 år med støtte frå Den afrikanske utviklingsbanken og leia av staten, har vore eit vellukka kurs for Fihaonana som har fått god attest for gjennomføringa av kurset. Staten har nå søkt om endå 3 år med tilsvarande kurs. Dette skal vere under behandling, men det er ennå uklart om det kjem ein runde til. Skulen har imidlertid fått store og fine bygningar til dette kurset, ein heil skuleavdeling med undervisnings- og datarom, internat, kjøkken og eit eige hus for mødre med born som ønskjer å ta entreprenørkurset på eit år. Skulen har ei oppfølgingsteneste for besøk hos dei som har gått kurset. 2 lærarar og administrasjonsleiar var i september- oktober på besøk til tidlegare studentar nord for hovedstaden og i innlandet elles. Det meldest om at ikkje alle som har gått kurset, og fått hjelp frå staten til å starte opp ein produksjon eller ein bedrift, har gjort dette slik staten sine planar har vore. Dei har investert i andre ting enn det som sto i godkjende planar. Dette er sjølvstøtt uhelding for skulen at nokon øydelegg eit veldig godt tilbod til arbeidslaus ungdom på denne måten. Både skulen og staten vil nok ta dette med i framtidig undervisning. Staten og skulen er i gang med ein søknad om ein fase 2 for dette programmet med endå 3 år, med oppstart i januar 2024. Fihaonana har ei stor skuleavdeling klar for ein ny oppstart av entreprenørkurset, og lærarkrefter og anna personell er på plass. Det er ikkje tvil om at dette kurset har verka positivt på Fihaonana som skule, og ei utvida ramme for undervisninga. Skulen har og eit godt fungerande gardsbruk som ikkje berre er ein del av undervisningsgrunnlaget for elevar og studentar. Men det gir også ganske mykje i avkastning som blir eit viktig bidrag til opplæringa av agronomar i 10 månaders kurset.



Nokre av elevane i det 39. kullet på Fihaonana som slutta skuleåret i november 2022
Foto: Arne Dragsund

Gardsbruket

Fihaonana vart sterkt ramma av dei to syklonane i februar i år. JV sende umiddelbart 50.000 Nok for å hjelpe til med det mest prekære i gjenoppbyggingsfasen. Fleire bygningar og gjerdet rundt eigedomen var sterkt skada. Nå etter nokre månader, hadde dei fått reparert det meste av bygningane. Gjerdet rundt skulen er ennå ikkje ferdig reparert.

Jord- og hagebruket

Heile planteskulen vart øydelagt i syklonen, og plantingane av frukttre som mango og papya pluss plantingane av vanilje og andre vekster, vart øydelagde i stormen. 6000 kaffibusker var og øydelagde. Det same med kakao, bananpalmer og kokospalmer. I lågareliggende område hadde store vassmengder øydelagt avlingane og fruktrea. Dei har halde på med å etablere planteskulen igjen, og jordbruket med tilplanting av maniok og andre vekster. Rektor Hoby hadde fått med seg stiklingar av ein ny manioksort frå Ambovombe i sør, ein sort som gir full avling på 6 månader, i motsetning til 1 år for dei ordinære sortane. Denne var og heilt fri for sjukdom. Dei har planta til eit felt etter basketcompost – metoden som lærar Noely har vidareutvikla for austkysten. Denne metoden er også brukt i grøn diakoniarbeidet i tobyane. Det kan bli ei avling på opptil 60 kg pr. plante mot 4-5 kg for ordinær dyrking ute hos bøndene. Nå vil dei plante til eit stort areal med appelsin og mandarin og andre sitrusfrukter. Dei har heile tida i tanke om kva planter som kan greie seg i ein framtidig syklon, som det ganske sikkert blir fleire av i åra framover.

Husdyrbruket

Fjøset

Skulen har kjøpt fleire nye kyr frå Innlandet. Totalt har dei nå 10 mjølkekyr. Det var også store skader av syklonen i grasproduksjonen. Men det skal satsast meir på grasdyrking for å dekke behovet til ein aukande besetning, med 100 dekar jord til grasdyrking. Dei har fleire

drektige kviger som skal seljast framover. NRF dyra greier seg godt på austkysten, ikkje berre i Innlandet. Det er nå over hundre NRF kyr i området rundt Manakara.

Grisehuset

Dei hadde auka antalet grisepurker med 30. Store slaktegriser køyrer dei framleis til Tana. for slakting. Dette er svært god forretning som dei tener pengar på, trass i ein lang transport. Dei tek sikte på å slakte 500 griser i Tana. komande år. Grisehuset gjev ein god avkastning som blir brukt til å drive opplæring av elevar i det eittårige kurset. Dei greier stadig ein større del sjølv av finansieringa av dette kurset.

Hønehuset, fiskedammene og kraftformølla

Det er nå 1700 nye unghøner i hønehuset i tillegg til dei 400 som skal slaktast/seljast. Det er god avsetning på både egg og mjølk. Så dei kan produsere meir. Dei hadde bygd ein stor innhegning med hus for kryssing av europeiske raser med tanke på betre eggproduksjon for kryssningsdyr. Hønene er importerte frå Mauritsius. Og hanar av gassisk rase. Dei har bygd ein stor innhegning og hus for ender. Mange av fiskedammene var øydelagde i syklonane, men dei var i gang med å etablere dei på nytt. Det kjem ny fisk i dammene i januar 2023, 15.000 Tilapia. Kraftformølla går bra for produksjon av det dei sjølv treng av kraftfor, samt noko til salg. Dei har kontrakt med ein tidlegare elev som bur i Antsirabe. Ho produserer olje av jordnøtter, og sel alt av oljekake som er eit restprodukt, til Fihaonana. Det er ei viktig proteinkjelde i kraftforet. Det er god kvalitet på oljekakene ho leverer.

Nye boligar for personalet

Rektor sin strategi er å bygge bolighus og driftsbygningar litt spreidd utover, slik at det er godt vakthald rundt om. Det er bygd 2 nye arbeidarboligar i utkanten av eigedomen. Likevel er tjuveri er stort problem også på Fihaonana. Det er tjuveri av reiskapar og dyr nattetid. Rektor har nå installert 40 overvåkingskamera på heile eigedomen, og kan følgje med rundt om. Dette har redusert tjuveria betrakteleg.

Produksjon av sukkerrør

Landbruksdepartementet har teke kontakt med rektor om å vere ein skule for utdanning av bønder som skal spesialisere seg i dyrking av sukkerrør. I 2023 skal 100 unge bønder frå austkysten på kurs på Fihaonana i dyrking og foredling til etanol. Departementet har dette som eit satsingsområde nå. Det skal produserast etanol i Antsirabe og Tana. til bruk i enkle ovnar som skal seljast over heile Madagaskar. Fihaonana skal dyrke sukkerrør på 150 dekar. På aust skal skulen ha ansvaret for 6 distrikt for produksjon av sukkerrør, og det skal vere ei presse for sukkerrør på Fihaonana. Avfallet skal brukast til dyrefor. Departementet finansierer opplæring av unge på Fihaonana, samt tilsyn og oppfølging av produksjonen i dei 6 distrikta på austkysten. Samarbeidet med landbruksdepartementet vert kalla Proagroyouth, med støtte frå ILO internasjonalt.

Dyrking på Andonabe

Synoden eig ein stor eigedom på Andonabe, 15 km frå Manakara, der veiledningsprosjektet FaFaFi hadde dyrking og forsøk av blant anna tørrlandsris på 1980 talet. Eigedomen vart planta til med eucalyptus og andre treslag. Nå skal ein del av denne jorda dyrkast opp for å

plante sukkerrøyr her. Skulen får støtte til oppdyrkinga av dette frå eit firma i Antsirabe, Nosy Maitso.

DAFPP (økonomidepartementet i FLM)

Dette har i løpet av 2022 gjennomført ein stor gjennomgang av statuttar, organisasjonsplanar og økonomi/rekneskap for skulen og dei praktiske avdelingane i gardsbruket. Det har resultert i eit nytt oppsett for heile skuleverksemda. Dei har fleire gonger vore på Fihaonana og har fått tilbakemeldingar frå personalet der om forslaget til nye organisasjonsplanar mv. Nå er det endelege forslaget levert til skulen, på 114 sider. Dette skal til behandling i skulens styre i mars 2023.

Jordbruksskolenes Venner finansierte det arbeidet som DAFPP gjorde på Fihaonana med denne store gjennomgangen. JV meinte det var viktig for skulen med ein slik gjennomgang etter så mange års drift.

Styremøte på Fihaonana

Jordbruksskolenes Venner ved Arne Dragsund var innkalt til styremøtet på Fihaonana den 29. desember 2022, med kontakt på Teams. Skuleverksemda, drift av gardsbruket og andre saker var oppe, samt budsjettet for 2023. Ny satsing på sukkerrør dyrking og produksjon av etanol, samt samarbeidet med Landbruksdepartementet var og oppe til diskusjon. Styret gjekk inn for eit slikt samarbeid og utvida produksjon på Fihaonana. Rapporten frå DAFPP vart og nemd. Den skal handsamast i styremøtet i mars 2023, det same med revidert rekneskap for skulen for 2022.

Sluttord

Det har vore ei tung koronatid med mykje nedstenging også på Madagaskar, så det er mest utruleg at skulane framstår slik dei gjer i dag. Dei har kome styrka gjennom denne tida. Medlemene i styret for JV er svært takksame for turen til Madagaskar i slutten av året 2022. Reisa til Madagaskar vert teke privat eller dekkja av andre enn JV. Rektorane og dei tilsette på skulane gjer, som nemd tidlegare, ein kjempeinnsats i drifta av skulane og gardsbruka, som vi i Jordbruksskolenes Venner og NMS skal vere glade for og stolte av.

Jordbruksskolenes Venner vil og takke Det Norske Misjonsselskap for konstruktivt og godt samarbeid i 2022.

Sandnes, 02. januar 2023

Arne Dragsund

Sekretær i styret for JV